

Kort omtale av prosjekt som er tildelt såkornmidlar i 2018

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om Program for pasienttryggleik i Helse Vest.

Prosjektnamn	
Rette medisinar inn, rette medisinar ut - <i>trygg legemiddelhandtering i Korttidsposten, Mottaksklinikken</i>	
Prosjekteigar (helseføretak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)	
Helse Bergen, Mottaksklinikken, Korttidsposten	
Prosjektleiar (kontaktperson)	
Anette Tvedt	
Kva problem er det prosjektet skal forsøke å løyse?	
Prosjektet har fokus på ordinasjon og utdeling av legemidlar under sjukehusopphaldet og informasjon om legemidlar til sjukeheim, fastlege og heimesjukepleie etter utreise frå sjukehuset. Pasientar i Korttidsposten leggst inn augeblikkeleg og oversikt over kva legemidlar dei står på kan vera vanskeleg å få tak i. Nokre pasientar har ikkje oversikt over kva legemidlar dei bruker fast og informasjon må då fåast frå heimesjukepleie, pårørande eller fastlege	
Mål for prosjektet	
Auke pasienttryggleika i Korttidsposten	
Korleis skal du måle om endringa du skal gjennomføre i prosjektet er ei forbetring?	
Det skal gjerast målingar av ordinerte medikament av alle innlagde pasientar over en uke tidlig etter oppstartinga som eit utgangspunkt. I tillegg vil det gjerast målingar undervegs i prosjektet for å sjå eventuell forbetring. Sjukepleiarar og legar oppmodast til å skrive avvik som gjeld desse forholda da dette er målbart med tanke på antall avvik. Utførte målingar og oversikt over avvik vil vera synleg for ansatte på tavle eller intranettsidar, tall presentert på vekebasis.	
Planlagt bruk av resultat i eiga eining	
Systematisk arbeid for riktige legemidlar under og etter sjukehusopphaldet er viktig for pasienttryggleika og eit mål for utøvd sjukepleie.	
Overføringsverdi/overføring av kunnskap til andre einingar i regionen	
Tilnærminga og metode vil vera aktuelt for andre einingar i sjukehuset som har pasientar som leggst inn augeblikkeleg og kor det er viktig å få innhenta informasjon om dette.	
Oppstarttidspunkt	Sluttidspunkt
August 2018	Desember 2019